



Møte i Skuleutvalet Vest-Telemark vidaregåande - 1-25-26

Dato: 23.10.2025 09:30

Sted: Møterommet Vest-Telemark vidaregåande skule

Deltakere: Heidi Hervik; Hildegunn Håland; Ilse Kornelia Hoomoedt; Siv Reidun Eide; Stig Kolbjørnsen; William Asnis Gauslå; Åne Vinjerui-Bergland; Aanund Jentoft Nes Hauer

Fraværende: Birgit Johanne K Olsnes; Even Solstad; Kjetil Kiland Haakenstad; Knut Magne Momrak; Sofie Vågslid; Ånund Bitustøyl Lien

Kommentar: Vikar: Sofie Lundarvollen (3PBA)

1. Konstituering

Beskrivelse

Konstituering og val av leiar

Oppsummering

Kort presentasjonsrunde av medlemmane i SU

Rektor skal vere sekretær, og ein av elevane skal leie møtet. Rektor anbefalte Ilse Kornelia Hoomoedt, mellom anna fordi ho har erfaring frå sist år og kan tenkje seg oppgåva.

Beslutning

Ilse Kornelia Hoomoedt er valt som leiar av SU dette skuleåret.

2. Informasjon om arbeidet i skuleutvalet sist skuleår

Beskrivelse

Orientering om saker på agendaen sist skuleår

Oppsummering

Mellom anna fokus på elevundersøkinga og arbeidet med denne.

Trekk fram konkret sak med vurdering av samanslåing av volleyballturneringa med juleavslutting, der SU tilrådde at dette ikkje skulle slåast saman og at dette rådet er etterkomme.

Beslutning

Kort orientering om nokre av ei viktige sakene på agendaen sist skuleår

3. Kva er elevane opptatt av i skulekvardagen

Beskrivelse

Vi har ein runde der elevane får seie noko om kva som er viktig for dei i skulekvardagen. Målet er å finne område som elevane meiner det er viktig å satse på

Oppsummering

Runde der kvar elev fekk komme med innspel:

Gjennomgåande i runden er at elevane rår til at det vert formidla kor viktig det er at lærarane lyttar til elevane. At lærarane er villig til å ta imot tilbakemelding, slik at klassen lærer på best mogleg måte. Me tok ein gjennomgang av vegen å gå om ein ynskjer å gje tilbakemelding til lærar.

Yrkesfag hadde i denne runden ikkje så mykje innspel, men seier at dei har det greitt.

VG1 ST har mykje nytt å forhalde seg til, og det dei pr no har vore opptatt av er at dei ynskjer vasskokar og julekalender i klasserommet, men elles har dei ikkje tenkt så mykje på andre skulemiljøsaker.

I VG2 og 3 ST er dei opptatt av det er viktig å satse på effektivitet - ikkje sløse bort tid på unødvendige ting. Nokon av elevane framhevar at vi er her for å lære. Treng ikkje så mange timar til anna aktivitet. Vi tok ein runde på kva som ein tenkjer kan komme inn under dette. Det kan til dømes vere DKS, temaveke, volleyballturnering, klassetur . Når ein drøftar desse så er nok konklusjonen at dette kan vere viktig, men at aktivitetane kan drøftast. Klassetur vert framheva som viktig for det sosiale, samhald, klassemiljø etc.

Det kom innspel kring Temaveka , både utfordringar og gode tilbakemeldingar:

Elevane meiner:

Det er bra å vere sosiale på tvers - ein lærer av kvarandre Den største personlege utviklinga ein får er på vidaregåande - og det er ein balanse kring kor mykje skal skje på skulen og kor mykje på fritida. Inkludering er viktig, og på ein skule kan ein få til å samle folk på ein annan måte enn på fritida. Det er viktig å ha samlingar på tvers av klassar tidleg på året, men viss det vert for få som kjenner kvarandre så kan det bli for utfordrande/utrygt. Det er derfor viktig at læraren snakkar med klassen, og kanskje set saman dei som vil vere saman i mindre grupper på førehand. Temaveka vart litt for utrygg for nokon. Dei som har behov for å ha nokon å vere trygge på, kan få avtale på førehand. Men samstundes er det utfordrande viss ein har ei lita gruppe ein er trygge på, så kan det hende ein ikkje vert kjende med dei andre fordi den vesle gruppa held saman.

Mykje positive tilbakemeldingar om at oppgåvene vi hadde var veldig bra for å kunne samhandle godt.

Det kom fram ein del tankar om skidagen, mellom anna at det kan bli mykje med ein heil dag med ski for dei som ikkje trivast så godt med det. Kva konsekvensar kan det få sett ut frå heile kroppsøvningsfaget? SU konkluderte med at dette er ei sak som kan vere lurt å ta opp i elevrådet. Elevrådetstyret førebur ei sak til elevrådet på dette på ein god og demokratisk måte. Mellom anna å få med kroppsøvningslærarar når den skal handsamast i elevrådet. Rektor kallar inn elevrådsstyret for å få laga ein god plan.

Beslutning

Rektor tar med seg innspelet om at det er viktig at elevane vert lytta til av den einskilte faglærar, og at gode tilbakemeldingsrutinar vert jobba meir med. Innspele kring temaveka kan ein mogleg sjå i samband med tilbakemeldingsrunden som er i gang akkurat no. Elevrådet kjem til å drøfte skidagen.

4. Kva meiner skulen og det politiske miljøet det er viktig at me jobbar saman om

Beskrivelse

Me tar ein runde blant resten av deltakarane i SU, for å utfylle det elevane har sagt noko om, og å fylle på med dei sakene som opptar skuleleiing, helse og det politiske miljøet.

Mål om å sameinast om satsingsområde

Oppsummering

Frå Stig Koolbjørnsen:

Det som er mest oppe på politikarane sin agenda for tida er tilstandsrapporten for skulane. Dei ynskjer å jobbe med utanforskap og korleis få det ned. 11% av innbyggjarar mellom 19-25 står utanfor jobb eller skule. Vidare er dei opptatt av at det er viktig å få til gode skulemiljø. Russediskusjonen er del av dette. Målsettinga er heile tida å få fleire til å fullføre vgs. Kolbjørnsen ser at me eg gode på å få mange igjennom skuleløpet, så han lurar på om vi kan vere pilotar på skulemiljø.

Leiinga har fokus på Kompetanseløftet for Inkluderande praksis, å få gode resultat på elevundersøkinga og i arbeidet med å lage utviklingsplan ser vi også på resultat frå Ungdata. Alt dette for å jobbe fram gode målsettingar og strategiar for å få til ein god og inkluderande praksis. Det me mellom anna ser på er korleis me kan nytte ulikskapar som ein ressurs i læring.

Helsesjukepleiar skal mogleg meir inn i klassane. Hovudfokus er psykisk helse og seksuell helse. Å bli trygg på seg sjølv gjer at ein får mindre behov for å hevde seg sjølv. Gje reiskapar for å bygge seg sjølv sterkare og å sjå samanhengar. Er elevgruppa interessert i meir informasjon om dette? På landsbasis er det meir etterspørsel etter slik opplæring.

Gruppa sine innspel: Kan vere greitt å få noko meir om dette i felles klasse. Det kan vere lettare og meir effektivt enn å gå som einskildperson til helsesjukepleiar. Kanskje mest fokus på psykisk helse? Kanskje kan ein forstå kva som skjer med ein lettare med meir kunnskap. Seksualundervisning har elevane vi hatt sidan 7. klasse, så det er kanskje viktigare med psykisk helse.

Tryggleiken i psykisk helse heng saman med seksuell helse.

Kva kan helsesjukepleiar gjere for å førebu seg slik at opplæringa vert spot on? Klassane kan komme med innspel eit par veker på førehand. Med fokus på at det er psykisk helse som er det sentrale.

Vi kan ikkje ha for mange slike alternative timar, så det viktigaste er at elevane vert trygg på helsesjukepleiar og vågar å ta kontakt om dei spørsmåla dei har innafor dette feltet.

Beslutning

Ein einskildtime der ein tar opp tema psykisk (seksuell) helse med helsesjukepleiar er det som prioriterast først.

5. Elevundersøkinga hausten 2025

Beskrivelse

Kort informasjon om hensikt med elevundersøkinga og korleis den vert gjennomført.

Oppsummering

Elevundersøkinga er der både elevrådet, SU, leiargruppa, fylkesadministrasjonen, politikarane og landet elles hentar informasjon om korleis me har det å skulen vår.

Undersøkinga vert gjennomført frå denne veka og fire veker fram.

Resultata frå undersøkinga avgjer om og kva område skulen må jobbe med det kommande året, og dannar dermed grunnlag for planane me legg. Det er difor viktig at svara som vert gitt er så riktige og ærlege som mogleg

Beslutning

Det er viktig at me står saman om å motivere alle elevar til å svare godt og ærleg på undersøkinga.

6. Målsettingar for neste møte

Beskrivelse

Me drøftar kva som skal vere hovudsakene på neste SU-møte og fordelar eventuelle arbeidsoppgåver / oppdrag til neste møte

Beslutning

Ynskje om å drøfte skidagen i elevrådet - få til ein demokratisk prosess.

Elevundersøkinga sine resultat vil truleg vere klare til neste møte, så det vert hovudsak då.